**Informasjon**
frå Sogndal kulturhus

>> JUBILEUMSHAUSTEN 2021

# Kulturhuset 30 år 2021

sogndal.kulturhus.no



1. NOVEMBER

## DON QUIJOTE

RIKSTEATRET

Foto: Stig Håvard Dirdal

18. SEPTEMBER




23. OKTOBER




30. OKTOBER

SOGNA SKRAOL

MALIN
restauranthuset

# Skraol og leven!

## Kulturhuset blir 30 år!

**Kulturhuset blir i år 30 år! Eg har blitt fortalt mange gode historiar, og eg er veldig fornøgd med no å få være med på å skape nye i dette flotte huset!**



**Stig Blindheim-Hansen**
Kulturhusleiar

Det har vore ei merkeleg tid, ei tid som har gjort måten vi opplever kultur annleis på. Vi håper i tida som kjem at vi igjen kan sjå meir normale tilstandar. At vi kan klemme og handhelse, sitte skulder til skulder, le og grine saman og kjenne på fellesskapet når det blir laga nye gode kulturminne.

Huset har og blitt kommunalt, det er og ein måte å tenke fellesskap på, politikarane ønskjer å satse på kultur og vi ønskjer å skape den regionale og kulturelle storstova slik den er tenkt. Her skal det være plass til alle. Her skal det være eit mangfald av kultur, det skal skapast og opplevast kultur i alle ledd av kulturskapinga.

I haust skal vi feire oss sjølve, det er mange arrangement som har blitt flytta frå tidlegare pga Covid, men vi har også nokre innslag som vi skal produsere sjølve. Vi starta jubileet med Kulturhusdagen 4. september og hadde Kulturspiren og konsert med Christine Sandtorv og Stjerneteller bandet. Siste helga i Oktober inviterer vi til festivalen «Sogna Skraol», der vi får mange lokale og regionale artistar som skal spele, og i november inviterer vi til Jubileumskonsert i storsalen.

Det blir ein spennande haust og vi vil i tillegg nemne at vi ønskjer oss fleire kulturhusmedarbeidarar. Vi ønskjer oss også fleire frivillige velkomne til å bli med på Kulturspiren eller i kulturhusets venner. Sjå gjerne meir informasjon om dette i heftet! Då er det berre ein ting igjen, og det er å ønskje hjarteleg velkomne til kulturhuset! Og om de ønskje å ta ein prat med meg, er eg open for en god samtale, nye impulsar og idear!

# Kulturhusvenner

## Ønskjer du å bidra til kulturlivet i Sogndal?

Sogndal Kulturhus ønskjer fleire frivillige som kan hjelpe til med forskjellige arrangement i haust. Vi treng blant anna hjelp til konserter, festivaler og kulturspiren.
Send oss ein melding med navn og telefonnummer so tek vi kontakt med deg i haust!

SMS til: **93 44 77 60** Epost: **sogndal@kulturhus.no**




Kan du tenke deg å feira barnebursdag på kino?
Ta kontakt for å avtale: sogndal@kulturhus.no

**Kulturhuset**
sogndal.kulturhus.no

# KULTURSPIREN

SOGNDAL KULTURHUS

## Aktivitetar

- **Måling på staffeli**
- **Kort**
- **Spikking**
  **NB!** Nedre aldersgrense: 7 år
- **Teikning**
- **Perling**
- **Brodering**
  Leik med nål og tråd

**Laurdag 27. nov. kl. 12–15** | Juleverkstad

Kulturspiren er eit aktivitetstilod for born og unge mellom 5–15 år.

# Sogndal bibliotek

GRATIS INNGANG. VELKOMMEN! NB! PÅMELDING!*





**Ruth Lillegraven** Foto: Ann Sissel Holthe | **Epos** Foto: CC BY-SA 3.0 Andrva / wikipedia

## Epos – Vestlandet sitt flytande litteraturhus

Bokbåten Epos har fått nytt liv som litteraturhus, og kjem på sin første turné med forfattar **Ruth Lillegraven**.

**Onsdag 20. oktober kl. 19**
**ved Dampskipskaien**

## Barnebokforfattar Bjørn F. Rørvik

Teikneverkstad og lesestund med Bjørn F. Rørvik.

**Laurdag 30. oktober kl. 10**





## «Vestlandshus» Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth kjem til Sogndal med forteljingar og bilete frå boka «Vestlandshus».

*Arrangementet er i samarbeid med Vestland fylkeskommune.*

**Måndag 15. november kl. 19**



**Siri Helle** Foto: Marit Brennset

## Siri Helle: «Med berre nevane»

Kva skjer med oss når me ikkje lenger brukar hendene? Siri Helle fortel om praktisk arbeid og intens meistringsglede.

**Måndag 8. november kl. 19**

## Bokkafé

Biblioteket gir lesetips. Merk dag og tid!

**Torsdag 30. september kl. 11.00**

**Torsdag 28. oktober kl. 11.00**

**Torsdag 25. november kl. 11.00**

* Av omsyn til smittevern vil det i haust bli påmelding til biblioteket sine arrangement. Kontakt biblioteket for å melda deg på:
E-post: **skranke@sogndal.folkebibl.no**
Telefon: **57 62 96 60**.

Det kan bli endringar, og me oppmodar om å følgja med på **www.sogndal.folkebibl.no** og i Sogn Avis for informasjon om kvart enkelt arrangement. Det vert òg oppdaterte plakatar i biblioteka og på Facebook.

**www.sogndal.folkebibl.no — Tlf. 57 62 96 60**

SOGNDAL KOMMUNE

# MALIN
restauranthuset




*Din perfekt middag hjemme er kun noen klikker unna.*

## BESTILL TAKEAWAY PÅ NETT

TEL: 57 67 87 00

RESTAURANTHUSETMALIN.NO




# Ingenting å le av

**Regi:** Petter Næss **Med:** Odd-Magnus Williamson, Sara Khorami, Øystein Martinsen, Anne Marie Ottesen, Karoline Krüger, Jan Gunnar Røyse

**Komedie / Drama** **1 t. 47 min**





**Kasper Berntsen (40) er ein vellykka stand-up komikar. Men so, gradvis, mistar han grepet, blir for godt vant, følgjer ikkje med i tiden og sluttar å fornye seg. Ein dag endrar alt seg.**

Kasper sitt årlege juleshow blir avlyst. Og når han dagen etter går til legen, får han vite at han har ein alvorleg sjukdom. Det er då humoren kjem til sin rett. Kasper si dalande stjerne som stand-up komikar får nytt liv, når han bruker humor som avvæpnande og livgivande kraft. Han oppdagar nye sider av seg sjølv og ikkje minst - kva som er det viktigaste her i livet

**NORGESPREMIERE**
**Fredag 10. september**
sogndal.kulturhus.no




**Kjøp gåvekort på nett!**

## Glede, redsle, latter, undring, sinne, fryd, spenning...

Dei mest spennande gåvene får du kanskje hjå oss.
Våre gåvekort kan kjøpast i kiosken og på heimesida **sogndal.kulturhus.no** – til valfri pris!
Hugs at ei god oppleving kan vare heile livet ut!

Kulturhuset
sogndal.kulturhus.no




# Høna, egget og reven

1 time (ingen pause)

**Det er ikkje så morosamt å vera Høna når Egget hennar plutseleg blir vekke. Særleg ikkje når ho finn ein rev i reiret der Egget låg.**

Riksteatret byr på ei nyklekka teaterførestilling om vennskap, tilhøyregheit og motgang, og om barn som blir annleis enn foreldra hadde venta. Her møter du Høna, ei søt, sjølvoppteken og smånervøs eggemor. Og Reven, ein smart og sosial type. Saman legg dei av stad på jakt etter det bortkomne Egget. Det blir ei spennande og verdsomspennande reise.

Undervegs møter dei mange forunderlege eggspertar: ei struttande og streng strutsemor, ein pertentleg og plettfri pingvinfar, ein hær hovudlause lus og ei kappande, kuttande krokodille-kokke. Høna prøveruger mange egg, men ingen av dei kjennest heilt rett.

**Fredag 17. september kl. 18:00**

| | |
|---|---|
| Ordinær (vaksne, born, pensjon., studentar)..... | 230,- |
| Samarbeidspartnarar (max 4 bill p.p.)...... | 190,- |
| Familie (min. 4 pers.) ................................. | 190,- |
| Coop-medlemmar (max 4 bill. pr. medlem) | 180,- |







# "Hugs meg"

**Foredrag med Demensforeninga og danseframsyning med Solvei Uglum Krogstad og Andrea Dahl**

Demensforeninga ein interesseorganisasjon for personer med demens og deira pårørande. Me er ei gruppe personar i demensforeninga som sjølv har erfaring som helsepersonell eller pårørande til personar med demens. Me formidlar kunnskap og informasjon om sjukdommen. Me er opptekne av å ha eit lokalmiljø som tek vare på og integrerer personar med demens.

Gjennom "Hugs meg" ynskjer me å formidle tankar og kjensler rundt temaet demens, og å gje publikum innsyn i nokre aspekt i livet med sjukdommen. Både korleis det kan vera for personen sjølv og pårørande. Stykket er òg ein hyllest til alle som må gå i gjennom denne kampen, og for å minne om alle gode stunder med våre kjære før sjukdommen endrar omgivnadane. **Me deler òg ut demensprisen 2020 til to verdige mottakarar.**

**Søndag 19. september kl. 14:00**

**Storsalen** | Billett: kr 100,-




## Boss Baby: Familiebedriften

**Norsk tale**

**Regi:** Tom McGrath **Norske stemmer:** Johan Golden, Anders Hatlo, Lars Sundsbø, Henriette Steenstrup, Johannes Joner

**Animasjon / Komedie** **1 t. 57 min**





**Frå DreamWorks Animation kjem oppfølgaren til den Oscarnominerte suksessen frå 2017.**

Brødrene Templeton har blitt vaksne, samtidig har dei vakse frå kvarandre. Tim er ein heimeværande familiefar, medan Ted har blitt ein velståande direktør i eit stort selskap. Brødrene møtes att når hemmelege agentar frå BabyCorp treng dei, med ein heilt spesiell ny boss i spissen.

**NORGESPREMIERE**
**Fredag 24. september**
sogndal.kulturhus.no

MENY

MENY SOGNDAL
-Din ferskvarespesialist i Sogn!




08-23 (08-21) Søn 10-22
Tlf. 57 67 69 50

MENY Sogndal

MENY.NO
MENY












**NORGESPREMIERE**
**Fredag 1. oktober**
sogndal.kulturhus.no

# James Bond: No Time To Die

**Action / Thriller** **2 t. 43 min**

**Regi:** Cary Joji Fukunaga **Med:** Daniel Craig, Rami Malek, Christoph Waltz, Ralph Fiennes, Jeffrey Wright, Ana de Armas, Léa Seydoux, Naomie Harris, Lashana Lynch, Ben Whishaw

**Gleda av eit tilbaketrekt liv blir kortvarig når den gamle venen Felix Leiter frå CIA dukkar opp for å be om hjelp.**

Oppdraget handlar om å redde ein kidnappa forskar, men dette viser seg å være langt meir utfordrande enn venta, og fører Bond på sporet av ein mystisk skurk væpna med farlig ny teknologi.

## Kinotider

I programbladet annonserer me berre premieredatoane. Me vil òg få fleire premierefilmar enn dei som står i programbladet, desse blir lagt ut på heimesida. Premieredatoane på filmane kan bli endra.
Kinotider vert òg annonsert kvar torsdag i Sogn Avis. **Billettsal** heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no**, Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00




# Are Kalvø toppar VG-lista

**Om popmusikken og meininga med livet.**

**Kan det hende at svara på alle dei store spørsmåla om livet ikkje er å finne i litteraturen, filosofien eller religionen? Kan det hende dei er å finne hos Britney Spears og Freddy Kalas?**

Kan det hende at svara er å finne i dei skikkeleg populære songane som omgir oss gjennom heile livet? Are Kalvø trur det. Med utgangspunkt i eit knippe songar som har toppa VG-lista dei siste femti åra, prøver Kalvø i denne framsyninga å forstå vår tid og finne meininga med livet. Såpass må det vere. Toppar VG-lista handlar om liv, død, politikk, religion, kjærleik, vennskap, kriser og menn i altfor små shortsar. Og song og dans.

**Måndag 4. oktober kl. 19:00**

Ordinær (vaksne) ........................................... 490,-
Honnør, Gruppe, samarbeidspartnarar (max 4 bill p.p.) ........................................... 400,-
Coop-medlemmar (max 4 bill. pr. medlem) 390,-
Alle under 30 år ........................................... 180,-

Billettsal heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no** | Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00



# Hest, fest og heimlengt! Sur vin og søt kjærlighet!

**Det blir skjebnar og skjenking. Det blir sur vin og søt kjærlighet – og omvendt.**

Countrymusikken er full av flott musikk og gode historiar. Det viste dette firkløveret i sitt forrige show, «Hest, Fest og Heimlengt». Ei framsyning som dei det siste året har reist landet rundt med. No er Finn Tokvam og Twang Gang tilbake, og dei er klare for å dra deg med inn i musikkens fantastiske verden. Finn Tokvam er forfattar, humorist, musikar og journalist. Kjent mellom anna for musikkprogrammet P.I.L.S. på NRK. I denne konserten får de oppleve han saman med landets mest hardtsvingande rockabillyband, Twang Gang frå Voss. Her får du både le og grina, og forhåpentlegvis lært noko nytt.

**Søndag 10. oktober kl. 18:00**

**Storsalen**

Billettsal heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no** | Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00




# Verdens verste menneske

**Regi:** Joachim Trier **Med:** Renate Reinsve, Anders D. Lie, Herbert Nordrum

**Norsk Komedie / Drama**





**Julie er snart 30 år, ho har mange talent, men få resultat og føler seg meir og meir som ei birolle i sitt eige liv.**

Kjæresten hennar, Aksel – litt eldre, og ein suksessfull teikneserieskapar – vil at dei skal stifte familie, men Julie held igjen. Ein kveld snik ho seg inn på ein fest der ho treff ein ung og sjarmerande fyr. Snart har ho forlete Aksel og kasta seg inn i nok eit forhold. Julie kjempar for å holde alle dører åpne, men finn snart ut at nokre livsvalg allereie ligg bak henne. Verdens verste menneske er ein dramakomedie om kjærleik i vår tid.

**Renate Reinsve vann pris i Cannes for si rolle i Verdens verste menneske.**

**NORGESPREMIERE**

**Fredag 15. oktober**

sogndal.kulturhus.no


# Papirlause billettar – raskt og praktisk




Din telefon + eBillett-app
**= din papirlause billett**

Les meir på eBillett.no

Kulturhuset
sogndal.kulturhus.no




# **Folk Flest** – konsert

**Det populære Lustrabandet Folk Flest har skapt rift om billettane når dei har har vitja kulturhuset tidligare, så ver tidleg ute.**

**FOLK FLEST ER:**
**Einar Bolstad**: sang, ak. gitar, piano
**Jakob Eikenes**: ak. gitar, sang
**Mathilde Skjæret**: fele, kor
**Tor Magne Kvamsdal**: steel-gitar, el. gitar, mandolin
**Lars Berge Pedersen**: el. gitar, banjo, ak. gitar
**Jan Frode Hellebø**: bass, kor
**Arve Lomheim**: trommer.

**Laurdag 23. oktober kl. 19:30**

**Storsalen**

Billettsalet startar 24. september.

S P O N S O R A R :

Luster Sparebank












NORGESPREMIERE

**Fredag 29. oktober**

sogndal.kulturhus.no

# Nordsjøen

**Norsk Action / Drama**

**Regi:** John Andreas Andersen **Med:** Kristine Kujath Thorp, Rolf Kristian Larsen, Anders Baasmo, Henrik Bjelland, Bjørn Floberg, Anneke von der Lippe, Ane Skumsvoll, Cengiz Al

**Ein oljeplattform går plutseleg ned utanfor Ormen Lange feltet. Forskarane søker desperat å finne løysninga på den tilsynelatande uforklarlege hendinga.**

Norge held pusten når det viser seg at ulukka bare er starten på noko som skal bli veldig mykje meir alvorleg. Eit drama på liv og død går i gang i det tusenvis av oljearbeidarar plutseleg er fanga på plattformar over heile Nordsjøen. Norgeshistoriens største redningsaksjon er eit faktum.

## Kinotider

I programbladet annonserer me berre premieredatoane. Me vil òg få fleire premierefilmar enn dei som står i programbladet, desse blir lagt ut på heimesida. Premieredatoane på filmane kan bli endra.
Kinotider vert òg annonsert kvar torsdag i Sogn Avis. **Billettsal** heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no**, Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00


SOGNA SKRAOL
SOGNDAL KULTURHUS
30. OKTOBER 2021
BILLETTSALET STARTAR 1. OKTOBER
MUSIKKFESTIVAL
MED LOKALE OG REGIONALE BAND
Har du lyst å delta som artist eller med bandet ditt?
Send e-post til: sogndal@kulturhus.no




Kjøp billettar på nett!

# Don Quijote

**Dei fleste har høyrt om Don Quijote, nokre har kanskje ein gong sett ein film, men dei færraste har lese boka. Ikkje så rart; ho består av 1000 sider med 126 kapittel som kvart er ei historie for seg.**

Det handlar altså om denne lågadelsmannen som har forlese seg på riddarromanar og som er fast bestemt på å bli riddar sjølv, mange hundreår etter at den siste riddaren var lagt i jorda. Don Quijote blir såleis ein raritet i si eiga samtid. Ein mann i utakt med verda.

I Riksteatrets nye dramatisering av Don Quijote får du komedie på lågeste plan og filosofi på høgaste plan, om kvarandre. Du får sjå den ikoniske skikkelsen gå laus på vindmøller fra ei svunne tid, men du møter han òg i baren på ein luguber nattklubb i vår samtid.

**Måndag 1. november kl. 19:00**

| | |
|---|---|
| Ordinær (vaksne) | 420,- |
| Honnør, Gruppe, samarbeidspartnarar (max 4 bill p.p.) | 340,- |
| Coop-medlemmar (max 4 bill. pr. medlem) | 320,- |
| Alle under 30 år | 180,- |

Billettsal heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no** | Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00





Kulturhuset 30 år 2021
Jubileums-
førestilling
Kulturhuset feirar 30 år i 2021
og markerer dette med ei flott
jubileumsførestilling den
13. NOVEMBER
I STORSALEN
Meir informasjon kjem.
Ta av datoen!







Kjøp billettar på nett!

# Teaterkonsert Sundfør – Life does us

**Teaterkonsert med landets mest musikalske skodespelarar. Opplev Susanne Sundfør sitt musikalske univers på teaterscenen!**

Nokre gongar veks det fram artistar som lagar så vakker musikk at han vert opplevd som intenst truverdig for menneske over heile verda. Susanne Sundfør er ein av desse artistane.

Med spektakulære konsertar og musikk som fangar heile opplevinga av å vere menneske, har Susanne Sundfør vakse seg inn i den internasjonale stjernehimmelen og blitt ein av dei viktigaste artistane vi har. No vert songane hennar teaterkonsert med nokre av landets mest musikalske skodespelarar på scenen.

## Laurdag 20. november kl. 18:00

| | |
|---|---|
| Ordinær (vaksne) | 420,- |
| Honnør, Gruppe, samarbeidspartnarar (max 4 bill p.p.) | 340,- |
| Coop-medlemmar (max 4 bill. pr. medlem) | 320,- |
| Alle under 30 år | 180,- |

Billettsal heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no** | Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00


Jenta med fyrstikkene
SOGNDAL KULTURHUS
24. og 25. november kl 19.00
BLACKBOX
– intimscene med få plassar
BILLETTAR: sogndal.kulturhus.no
FØLG OSS PÅ:
Framsyningslengd: 45 min.
Familieframsyninga høver for alle frå 5 år.
TEATER VESTLAND


FEELGOOOD&ISTAGE PRESENTERER
TERJE SPORSEM
ABSOLUTE NORSK
ET SHOW OM VERDENS ALLER-ALLER BESTE LAND
SOGNDAL KULTURHUS
LAURDAG 27. NOVEMBER
KL. 19:00


Håvard Endal Husevåg
A SOULFUL CHRISTMAS
KAPELLMESTER: HENRIK HOVLAND
5. DESEMBER
STORSALEN




**TEATER FOR HEILE FAMILIEN!**

**TORSDAG 2.DESEMBER KL.18:00**

**Billettar: sogndal.kulturhus.no**




**SOGNDAL KULTURHUS** Laur 11. des kl. 17.00 og Søn 12. des kl. 17.00

**BILLETTAR** - sogndal.kulturhus.no - Tlf: 57 67 33 00

Sognekraft · elle vilt · Luster Sparebank · HOLEN INSTALLASJON

# Arrangementsoversikt



















Kjøp billettar på nett!

## STORESALEN

| DAG | DATO | KL. | ARRANGEMENT |
|---|---|---|---|
| FREDAG | **17. sept.** | 18:00 | **Høna, egget og reven**, Riksteatret, barneteater |
| LAURDAG | **18. sept.** | 19:00 | **Bjarte Tjøstheim «Det går betre no»**, humorshow |
| SØNDAG | **19. sept.** | 14:00 | **Demensforeningen**, **«Hugs meg»**, foredrag og dans |
| ONSDAG | **22. sept.** | 19:00 | **Slik takler du idiotene på jobben** |
| MÅNDAG | **04. okt.** | 19:00 | **Are Kalvø toppar VG-lista**, Riksteatret |
| SØNDAG | **10. okt.** | 18:00 | **Finn Tokvam og Twang Gang, «Hest, fest og heimlengt»** |
| LAURDAG | **23. okt.** | 19:30 | **Folk Flest**, konsert |
| LAURDAG | **30. okt.** | | **Sogna Skraol**, festival |
| MÅNDAG | **01. nov.** | 19:00 | **Don Quijote**, Riksteatret |
| ONSDAG | **03. nov.** | 18:00 | **Elevkonsert med Sogn kulturskule** |
| LAURDAG | **06. nov.** | 00:01 → | **Den Store Kinodagen** |
| FREDAG | **12. nov.** | 19:30 | **SAGAS, Opera Nordfjord**, konsert |
| LAURDAG | **13. nov.** | | **Jubileumsførestilling, Kulturhuset 30 år** |
| FREDAG | **19. nov.** | 19:00 | **Tore Sagen gjør Standup**, humorshow |
| LAURDAG | **20. nov.** | 18:00 | **Teaterkonsert Sundfør – Life does us**, Riksteatret |
| ONSDAG | **24. nov.** | 19:00 | **Jenta med fyrstikkene**, Teater Vestland |
| TORSDAG | **25. nov.** | 19:00 | **Jenta med fyrstikkene**, Teater Vestland |
| LAURDAG | **27. nov.** | 19:00 | **Terje Sporsem «Absolute norsk»**, humorshow |
| TORSDAG | **02. des.** | 18:00 | **Jul på Månetoppen**, barneteater |

Billettsal heile døgnet: **www.sogndal.kulturhus.no**
Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00.
Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00



















| DAG | DATO | KL. | ARRANGEMENT |
|---|---|---|---|
| LAURDAG | **04. des.** | 10:00 | **Førjulsmoro – julemarknad, juleførestilling ++** |
| SØNDAG | **05. des.** | 19:00 | **A soulful christmas m/ Håvard Husevåg**, konsert |
| TORSDAG | **09. des.** | 18:00 | **Eva Weel Skram**, **«Falle til ro»**, konsert |
| LAURDAG | **11. des.** | 17:00 | **Julesong**, julekonsert |
| SØNDAG | **12. des.** | 17:00 | **Julesong**, julekonsert |
| FREDAG | **17. des.** | 20:30 | **4. laurdag i advent**, revy |
| LAURDAG | **18. des.** | 18 og 20:30 | **4. laurdag i advent**, revy |

## BIBLIOTEKET

| | | | |
|---|---|---|---|
| TORSDAG | **30. sept.** | 11.00 | **Bokkafé** |
| ONSDAG | **20. okt.** | 19:00 | **Ruth Lillegraven på Epos. Dampskipskaien** |
| LAURDAG | **30. okt.** | 10.00 | **Barnebokforfattar Bjørn F. Rørvik** |
| TORSDAG | **28. okt.** | 11.00 | **Bokkafé** |
| MÅNDAG | **8. nov** | 19:00 | **Siri Helle – «Med berre nevane»** |
| MÅNDAG | **15. nov** | 19:00 | **E. Røyrane og O. Apneseth om «Vestlandshus»** |
| TORSDAG | **25. nov** | 11.00 | **Bokkafé** |

Følg oss på Instagram
**#sogndalkulturhus**

**Kulturhuset**
sogndal.kulturhus.no

Design/layout: Sviggum Design












**NORGESPREMIERE**

**Fredag 15. oktober**

sogndal.kulturhus.no

# Aksel

**Norsk dokumentar** | **1 t. 30 min** | **For alle**

**Regi:** Even Sigstad og Filip Christense **Med:** Aksel Lund Svindal, Kjetil Jansrud, Bjørn Svindal

**«Aksel» fortel historia om ein av Norges største idrettsprofilar gjennom tidene, Aksel Lund Svindal.**

Filmen skildrar dramatiske hendingar i utforløypene, opp- og nedturar i livet utanfor bakken og kampen mot ein kropp som slit med å tåle belastningane. «Aksel» gir eit unikt innblikk i ein eventyrleg og spektakulær idrettskarriere, og ikkje minst i ein karriere som går mot slutten, i ein film om viljestyrke, frykt og samhald.

**Kjøp billettar på nett!**

## Kinotider

I programbladet annonserer me berre premieredatoane. Me vil òg få fleire premierefilmar enn dei som står i programbladet, desse blir lagt ut på heimesida. Premieredatoane på filmane kan bli endra.
Kinotider vert òg annonsert kvar torsdag i Sogn Avis. **Billettsal** heile døgnet: **sogndal.kulturhus.no**, Kulturhuset: tysdag–søndag kl. 17:30–20:00. Måndag stengt. Tlf: 57 67 33 00